

Klimastiftelsen - Helene Frimannslund

Dato: 14.12.2015
Vår ref.: 2014/20763-49
Saksbehandlar: talhals
Dykkar ref.:

Klimaplan for Hordaland 2015 – tilsegn om inntil kr 100.000,- til promoteringsfilm

Klimaplantilsegn 24-2015

Viser til Dykkar søknad motteke 11.12.2015. Vi er glad for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 100.000,- til å få laga ein kortfilm om «Klimapartnerar Hordaland»-nettverket. Tilskotet er ein del av fylkeskommunen si satsing i Klimaplan for Hordaland. De må oppmode om utbetaling av tilsegna innan 18.12.2015.

Prosjektgrunnlag

Norsk Klimastiftelse søker om støtte til å få laga ein kortfilm om «Klimapartnerar Hordaland»-nettverket. Filmen skal nyttast til rekruttering av nye verksemder og for å synleggjere resultatata frå nettverket så langt.

Vilkår for tilskotet

- Tilsegnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan nemnde frist.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Profilering

I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

Rapportering

• Så snart prosjektet er avslutta **skal** tilsegnsmottakar sende sluttrapport til fylkeskommunen. Dette gjeld for alle prosjekt.

• *Sluttrapporten* skal seie noko om:

- Bakgrunn for prosjektet
- Mål med prosjektet
- Oppnådde resultat
- Vurdering mot oppsette mål
- Oppsummering av prosjektarbeidet
(organisering, sterke/svake sider ved prosjektet, ikkje planlagde resultat, informasjon m. v.)
- Eventuell vidareføring av prosjektet

Utbetaling

Tilskotet blir utbetalt når signert akseptskjema er motteke.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Klage/innsyn i dokumenta

- Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.
- Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Tale Halsør, 55 37 80 11, tale.halsor@hfk.no.

Fylkeskommunen ynskjer lykke til med gjennomføringa av konferansen!

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Gudrun Mathisen
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Anne-Grethe Stenhjem – Kontostreng 10.160.402.00

Vedlegg

1 Akseptskjema